

Dårleg med eple, usikkert om det er eple for salg.

30.08.2020



Dårleg eplehaust på Steinsletto gjer at det er usikkert med salg.

Det går mot ein dårleg eplehaust på Steinsletto som i Hardanger. Bjørnar Eik i verksemda Eple frå Steinsletto kan ikkje lova eple med kvalitet for salg. Det må ein koma attende til når ein har hausta all frukta og byrja sortering. Årsaka er at det har vore svær lite rognebær i år, noko som fører til at rognebærmøllen går til angrep på epla. Bjørnar Eik er besvisst på at frukta ikkje skal spøytast med gift, noko som også kan vera ei årsak til at fruktgarden på Steinsletto er hardt råka.

Eplehausten 2020 er i gong, men det ser ikkje ut til å bli fruktbart, skriv Bjørnar Eik på Facebook. I år har dette gått veldig ut over epla her hjå oss, såpass mykje at vi nok ikkje vert i stand til å ta i mot bestilling utanom dei av kundane våre som allereie har bestilt, og kan hende har vi ikkje nok til desse ein gong.

Eplehausten 2020 føyer seg inn i rekka av negative hendingar som har prega året så langt. Eplebonden på Steinsletto vonar på eit meir fruktbart og betre år i 2021. Han lovar å koma tilbake med meir informasjon om tilstanden når haustinga tek til og om det eventuelt vil verta mogleg å ta i mot fleire bestillingar når ein har oversikt og sorteringa er starta.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Eple frå Steinsletto



Eple med angrep av rognebærmøll.